

Fra: Tubbene Johannes [johannes.tubbene@vegvesen.no]
Til: Signe Gudveig Rauboti [Signe.Gudveig.Rauboti@sfj.no]
Kopi: Torheim Torun Emma [torun.torheim@vegvesen.no]; Ole Ingar Hagen Hæreid [Ole.Ingar.Hagen.Hereid@sfj.no]
Sendt: 03.01.2019 12:58:50
Emne: VS: TIK-tilskot Vågsøy kommune
Vedlegg:

Vågsøy kommune har ikkje søkt om tilskot til same tiltaket i 2019. Men har søkt om tilskot til anna tiltak som gjeld bygging av snuplass på kommunal veg.

Saksdokumenta for tildelinga i 2019 vert sendt over til SFFK truleg i v. 5. Praksis er at vi er romslege på fristen for søknad. Så slik sett er det ikkje for seint.

Men ut ifrå pålagde fristar i samband med reguleringsarbeid, så som tidsfristar for offentleg ettersyn, klagebehandling, m.m., så må det påreknast minimum eit halvt år tid før ein reguleringsplan er vedteken. I tillegg vil det (normalt) gå tid med til detaljprosjektering, utarbeiding av tilbods materiale, innhenting av tilbod, val av entreprenør, klagefristar, m.m. Vi finn det lite sannsynleg at byggearbeid kan startast opp før i beste fall seinhausten 2019.

Vågsøy kommune mottok altså tilsagn om tilskot til same tiltak både i 2017 og i 2018. Kr. 720 000 i 2017 og kr. 753 000 i 2018 . Totalt 1.47 mill.kr. Begge åra måtte kommunen melde pass.

I 2018 kom det inn søknader om tiltak med samla søknadssum på kr. 13.4 mill.kr. Tilskotsramma var, og er framleis 5 mill.kr. Det betyr at berre vel 3.parten av søknadane mottek (tilsagn om) tilskot.

Vi finn det uheldig at desse 1.47 mill.kr. (til Vågsøy kommune) ikkje har kome kommunane til gode i trafikktryggingarbeidet.

Med helsing
Johannes Tubbene

Seksjon: Plan- og forvaltningsseksjonen
Postadresse: Statens vegvesen Region vest, Postboks 43, 6861 LEIKANGER
Kontoradresse: Askedalen 4, LEIKANGER
Telefon: +47 57655823 **Mobil:** +47 90135868 **e-post/Lync:** johannes.tubbene@vegvesen.no
www.vegvesen.no **e-post:** firmapost-vest@vegvesen.no

Tenk miljø - spar papir. Treng du skrive ut denne e-posten?

Fra: Signe Gudveig Rauboti [<mailto:Signe.Gudveig.Rauboti@sfj.no>]
Sendt: 3. januar 2019 12:12
Til: Tubbene Johannes <johannes.tubbene@vegvesen.no>
Emne: SV: TIK-tilskot Vågsøy kommune

Takkar for utfyllande svar.

Eg forstår det slik på Ole Ingar Hæreid at kommunen ikkje har søkt om midlar til prosjektet for 2019 innan fristen 1. desember 2018. Kva praksis og høve har de til å ta innom søknader i ettertid fram mot prioriteringa i februar? No er det ikkje sikkert at kommunen får sett spaden i jorda i 2019, men dersom dei vert klare for å gjere det, og startar i 2019, vil jo dette i seg sjølv utelukke dei frå midlar i 2020 (sidan det gjeld eit prosjekt som allereie er påbyrja). Har du tankar om kva moglegheiter kommunen har til å få tilskot til prosjektet dersom klaga ikkje fører fram?

Med helsing
Signe Gudveig Rauboti

juridisk rådgjevar, fylkesrådmannen - stab
Sogn og Fjordane fylkeskommune
Askedalen 2, 6863 Leikanger
www.sfj.no | Signe.Gudveig.Rauboti@sfj.no
sentralbord: +47 57638000 | mob: +47 92639736

Fra: Tubbene Johannes <johannes.tubbene@vegvesen.no>
Sendt: torsdag 3. januar 2019 12:01
Til: Signe Gudveig Rauboti <Signe.Gudveig.Rauboti@sfj.no>
Emne: VS: TIK-tilskot Vågsøy kommune

Hei!

1. Vi har mange eksempel på søknader om tilskot (og tilsagn om tilskot) både til **planlegging/prosjektering av tiltak** (trafikktryggingssplanar / gang- og sykkelveggar / fortau m.m.), – og til **(fysisk) bygging av tiltak**. Tiltak der ein yter tilskot til planlegging, tenkjer vi er starta opp når planlegginga er starta. Tiltak som krev bygging tenkjer vi er starta når «spaden er sett i jorda», – og altså ikkje når planlegginga har starta. Det finns mange eksempel på at planlagde tiltak aldri kjem til utførelse.
2. Spesielle årsaker kan vera at arbeidet tek lenger tid enn forventra pga. vanskelege grunnforhold, manglar ved planar, værtilhøve, kapasitet/underbemanning, m.m. Vi har mange eksempel på at kommunar søker om utsetjing av frist for ferdigstilling med denne type grunngeving. Og praksis er at utsetjing vert innvilga dersom det fysiske arbeidet i marka er starta opp. Altså for tiltak som medfører bygging. Vi vurderer vi det slik at når arbeidet i marka har starta opp, så har vi ein rimeleg bra garanti for at tiltaket vert utført, og at tilskotet då er berettiga.
3. Vedtaket om TIK-tilskot 2018 ligg innanfor ramma på 5 mil.kr. Det vert ikkje betalt ut større tilskot enn det vedtaket tilseier. Av og til vert det reduserte utbetalingar pga. redusert totalkostand, eller som følgje av at tiltak ikkje vert utført i hdeile tatt. Om klaga til Vågsøy vert teken til følgje vil ein framleis liggje innanfor budsjettamma.

Prinsipielt meiner vi at klaga ikkje bør takast til følgje, då Vågsøy kommune for andre året på rad ikkje har starta opp arbeidet med bygging.

For ordens skuld nemner vi at Vågsøy kommune no har varsla oppstart av reguleringsplanarbeidet. Kommunen kan oppmodast om å søke TIK-midlar når planane er klare, og bygging kan startast.

Med helsing
Johannes Tubbene

Seksjon: Plan- og forvaltningsseksjonen
Postadresse: Statens vegvesen Region vest, Postboks 43, 6861 LEIKANGER
Kontoradresse: Askedalen 4, LEIKANGER
Telefon: +47 57655823 **Mobil:** +47 90135868 **e-post/Lync:** johannes.tubbene@vegvesen.no
www.vegvesen.no **e-post:** firmapost-vest@vegvesen.no

Tenk miljø - spar papir. Treng du skrive ut denne e-posten?

Fra: Signe Gudveig Rauboti [<mailto:Signe.Gudveig.Rauboti@sfj.no>]
Sendt: 2. januar 2019 11:21
Til: Tubbene Johannes <johannes.tubbene@vegvesen.no>; Ole Ingar Hagen Hæreid <ole.ingar.hagen.hereid@sfj.no>
Emne: SV: TIK-tilskot Vågsøy kommune

Hei,

Sjå e-postutvekslinga nedandor.

Tre korte spørsmål:

1. Har vi noko praksis på at eit prosjekt ikkje er «starta opp» før gjennomføringsfasen er i gang; altså at starta opp ikkje inkluderer planlegging?
2. Har vi fast praksis på kva vi plar legge i vilkåret om spesielle årsaker i instruksen?
3. Kan de kort sei noko om økonomi- og budsjettkonsekvensar av å ta klaga til følgje?

Med helsing

Signe Gudveig Rauboti

juridisk rådgjevar, fylkesrådmannen - stab

Sogn og Fjordane fylkeskommune

Askedalen 2, 6863 Leikanger

www.sfj.no | Signe.Gudveig.Rauboti@sfj.no

sentralbord: +47 57638000 | mob: +47 92639736

Fra: Ole Ingar Hagen Hæreid

Sendt: onsdag 28. november 2018 13:42

Til: Svein Hågård <Svein.Hagard@sfj.no>

Kopi: Dina Johanne Lefdal <dina.lefdal@sfj.no>

Emne: VS: TIK-tilskot Vågsøy kommune

Vedlagt følgjer klage på avslag på søknad utsett frist for utbetaling av TIK-tilskot. Tilskota er i utgangspunktet tildelt av fylkestrafikktryggingsutvalet (FTU) etter vedtekter/reglement fastsett av fylkestinget.

Saksførebuing og handsaming av klage er utført av Statens vegvesen (sams vegadministrasjon). Søknaden frå Vågsøy kommune har er handsama av SVV der søknaden utsett frist for utbetaling av tilskot ikkje vart teke til følgje. Vågsøy kommune har klaga på dette vedtaket, men Statens vegvesen opprettheld sitt tildegare standpunkt om å ikkje gje kommunen utsett frist. Saka har vore drøfta med samferdsleavdelinga, som er samd i SVV si handtering av saka.

Klagesaken ver oversendt deg for vidare handsaming og førebuing til FU som klageorgan.

Med helsing

Ole Ingar Hagen Hæreid

plan- og beredskapsleiar, samferdsleavdelinga

Sogn og Fjordane fylkeskommune

Askedalen 2, 6863 Leikanger

www.sfj.no | Ole.Ingar.Hagen.Hereid@sfj.no

sentralbord: +47 57638000 | mob: +47 41530954

Fra: Tubbene Johannes [<mailto:johannes.tubbene@vegvesen.no>]

Sendt: tysdag 27. november 2018 14:39

Til: Ole Ingar Hagen Hæreid <Ole.Ingar.Hagen.Hereid@sfj.no>

Kopi: Torheim Torun Emma <torun.torheim@vegvesen.no>

Emne: VS: TIK-tilskot Vågsøy kommune

Hei!

Viser til samtale på temadagen på Skei sist torsdag.

Vi har ikkje teke til følgje Vågsøy kommune si klage over avslaget vårt på utsett frist ferdigmelding (og utbetaling av tilskot).

Men vi har i skrivet til kommunen opplyst at vi sender saka over til SFFK for endeleg avgjer, som avtala på Skeid.

Vedlagt ligg dokumenta i saka.

Kort historikk:

Gjeld TIK-midler 2018.

Vågsøy kommune søker (også for 2018) om utsett frist for ferdigmelding av TIK-tiltak 2018. Gjeld tiltak med bygging av gangveg Gate 1 - ungdomskulen. Kommunen har fått tilsagn om kr. 753 000.-

Også i 2017 fekk Vågsøy kommune tilsagn om tilkot til same tiltaket med gangveg. Heller ikkje i 2017 greidde kommunen å starta opp tiltaket. Dei søkte om utsetjing, men i samråd med dykk avlo vi søknaden, jf vedlagte skriv.

I skriv datert 09.11.2018, avlo vi søknaden no i 2018 om utsetjing. Dette fordi kommunen ikkje vil vera i gang med arbeidet innan fristen 30. nov. 2018 (og er heller ikkje i nærheiten av dette). I følgje kommunen sjølv så tek dei sikte på å ha reguleringsplanen klar i løpet av februar. I tillegg kjem det ulike fristar med utlegging av plan, klagefristar, m.fl.

I skriv datert 18.11.2018, klagar kommunen på avslaget.

I skriv datert 27.11.2018, opprettheld vi vedtaket i saka. Og skriv at vi vil oversende saka til SFFK for endeleg avgjerd.

Med helsing
Johannes Tubbene

Seksjon: Plan- og forvaltningsseksjonen

Postadresse: Statens vegvesen Region vest, Postboks 43, 6861 LEIKANGER

Kontoradresse: Askedalen 4, LEIKANGER

Telefon: +47 57655823 **Mobil:** +47 90135868 **e-post/Skype:** johannes.tubbene@vegvesen.no

www.vegvesen.no **e-post:** firmapost-vest@vegvesen.no

Tenk miljø - spar papir. Treng du skrive ut denne e-posten?

Fra: Tubbene Johannes

Sendt: 21. november 2018 11:18

Til: 'Ole Ingar Hagen Hæreid' <Ole.Ingar.Hagen.Hereid@sfj.no>

Kopi: Torheim Torun Emma <torun.torheim@vegvesen.no>

Emne: TIK-tilskot Vågsøy kommune

Hei!

Gjeld TIK-midler 2018.

Vågsøy kommune søker (også i år) om utsett frist for ferdigmelding av TIK-tiltak 2018. Gjeld tiltak med bygging av gangveg Gate 1 - ungdomskulen. Kommunen har fått tilsagn om kr. 753 000.-

Også i 2017 fekk Vågsøy kommune tilsagn om tilkot til same tiltaket med gangveg. Heller ikkje i 2017 greidde kommunen å starta opp tiltaket. Dei søkte om utsetjing, men i samråd med dykk avlo vi søknaden, jf vedlagte skriv.

I skriv datert 09.11.2018, avlo vi søknaden no i 2018 om utsetjing. Dette fordi kommunen ikkje vil vera i gang med arbeidet innan fristen 30. nov. 2018 (og er heller ikkje i nærheiten av dette). I følgje kommunen sjølv så tek dei sikte på å ha reguleringsplanen klar i løpet av februar. I tillegg kjem det ulike fristar med utlegging av plan, klagefristar, m.fl.

I skriv datert 18.11.2018, klagar kommunen på avslaget.

Før vi handsamar klaga ønskjer vi dykkar syn i saka!

Med helsing
Johannes Tubbene

Seksjon: Plan- og forvaltningsseksjonen

Postadresse: Statens vegvesen Region vest, Postboks 43, 6861 LEIKANGER

Kontoradresse: Askedalen 4, LEIKANGER

Telefon: +47 57655823 **Mobil:** +47 90135868 **e-post/Skype:** johannes.tubbene@vegvesen.no

www.vegvesen.no **e-post:** firmapost-vest@vegvesen.no

Tenk miljø - spar papir. Treng du skrive ut denne e-posten?